

## **Møtereferat 6.**

Møtestad: Volda rådhus

Tid: måndag 4.09.17, kl 19 00 – kl 21 00

Innkalling: Sonja Håvik

Til stades:

Odd. A. Folkestad

Kari A. Hasle

Siv Madeleine Kristensen

Rolf Taraldset

Jon Tvinnereim

Komitéen for nytt kommunenamn og heraldikk møttest denne gongen for første gong etter utlysing sommaren 2017 av open konkurranse om forslag til nytt kommunevåpen for (Nye) Volda kommune.

### **1. Registrering av innkomne forslag**

Etter drøfting av framgangsmåten, vart konvoluttane registrerte med nummer frå 1 og oppover. Namnekonvoluttane vart lagde til sides uopna for oppbevaring i safe til juryen – dvs komitée – har kåra vinnar/vinnarar.

I dei konvoluttane der det var fleire forslag, vart kvart forslag gjeve eigen bokstav (a,b osv). Dette for at ein kunne identifisere ulike forslag frå same forslagsstillar.

Heile komitéen deltok i registreringa av dei i alt 51 forslaga. Lista over forslaga vart signert av alle medlemmane. Denne lista blir vedlegg til dette referatet. (Av praktiske grunnar vil dette ta nokre dagar.)

### **2. Spørsmål om habilitet**

Etter registreringa av innkomne forslag, vart spørsmålet reist om nokon i komitéen kunne vere innhabil i samband med juryeringa. Ein medlem opplyste at han hadde sendt inn forslag til kommunevåpen, og han er dermed inhabil. Leiaren for Fellesnamnda, Stig Olav Lødemel, vart kontakta, og lova å syte for oppnemning av vara for medlemmen som var inhabil.

Dagen etter møtet (5.09.) melde ein medlem til i komitéen om uvisse vedkomande eigen habilitet. Etter vurdering av spørsmålet i leiinga i dei to kommunane, vart det klart at også denne medlemmen var inhabil.

Nye varafolk for dei to inhabile medlemmane i komitéen kan ikkje oppnemnast før møtet i Fellesnamnda. Dette ville truleg seinka arbeidet, men det er eit spørsmål ein må kome tilbake til.

### **3. Neste møte i komitéen**

Neste møtet i komitéen, som var sett til torsdag 7.09. måtte avlysast på grunn av det som er nemnt ovanfor under punkt 2. Nytt møte blir halde så snart det let seg gjerast.

#### **4. Oppbevaring av dei innkomne forslaga**

Både dei uopna namnekonvoluttane og dei innkomne forslaga (51 i alt) er oppbevarte i safe i Smia. Komitéen har enno ikkje sett gjennom forslaga.

Jon Tvinnereim

Leiar og sekretær i komitéen